

Opningstider i jula

Skodje helsesenter

Ekspedisjonstida i romjula (torsdag 27.12. og fredag 28.12.):
Kl. 09.00 - 14.00.

Ved behov for øyeblikkeleg legehjelp utanom ekspedisjonstida, kontakt legevakta på tlf. 70 27 03 00. Der er alltid ein lege som har vakt. Eller om det hastar, ring **113**.

Legevakta i Skodje, Stordal og Ørskog

Jul- og nyttårsaftan:
Kl. 09.00 – 15.00

Laurdag 29.12.:
Kl. 11.00 – 17.00

Romjula og andre helligdagar jul og nyttår kl.14.00 – 20.00

Mellom kl. 22.00 og kl. 08.00 er det legevakta i Ålesund som tek imot henvendingane, men ein kan nytte same telefonnummer som på kveld og helg: 70 27 03 00.

Rådhuset

Onsdag 19. desember og i romjula er ekspedisjonstida kl. 9.00 - 14.00

Det er mogleg å gjere avtale med sakshandsamar utanom ekspedisjonstidene, men bemanninga kan vere redusert desse dagane.

Biblioteket

Siste opningsdag før jul:
Fredag 21. desember.

Første opningsdag etter jul:
Torsdag 3. januar.

SFO

Siste opningsdag er fredag
21. desember.

Oppstart på nyåret er torsdag
3. januar, til vanleg tid.

(2. jan.: Stengt pga. planleggingsdag)

**God Jul
og
Godt Nytt År!**

Skodje kommune tilbyr eFaktura og AvtaleGiro

Vi minner om at Skodje kommune tilbyr eFaktura og AvtaleGiro på rekningane dine. Avtal opprett dette med banken din, eller i nettbank.

eFaktura

Ved bruk av eFaktura kjem rekningane ferdig utfylt rett i nettbanken din, og vert oppbevart der. Då kan du til ei kvar tid gå inn i nettbanken og få opp bilete av både betalte og ubetalte rekningar.

Du vel sjølv når du vil betale rekninga. Sidan alt er ferdig utfylt (KID, kontonummer etc.) er det berre å klikke for å betale. Om du vil, kan du få melding på e-post kvar gong det kjem ei ny rekning i nettbanken din.

Fordelar med eFaktura:

- KID, kontonummer og alt er ferdig utfylt. Det einaste du treng er å bekrefte betalinga.
- Du har oversikt over både betalte og ubetalte rekningar i nettbanken.
- Du kan til ei kvar tid sjå bilete av rekningane eller printe ut ved behov.
- Du kan sjølv velge når du ønskjer å betale.

Om du vil ta i bruk eFaktura kan du enten seie ja neste gong du vert tilbydd det i nettbanken din, eller du kan aktivt gå inn i nettbanken og registrere deg for eFaktura. Du må da oppgjje eFaktura referanse som er 000 + kunde-nummeret ditt på faktura frå Skodje kommune.

Som eFaktura kunde vil du motta alle rekningar frå kommunen som eFaktura.

AvtaleGiro

Med avtalegiro gir du banken i oppdrag å betale rekningar for deg til rett tid.

Mange faste rekningar som kommunale avgifter, barnehage og skulefritidsordning kan betalast med AvtaleGiro.

La banken betale dei faste rekningane dine på forfallsdagen, utan at du mister kontroll og oversikt.

Fordelar med AvtaleGiro:

- Banken betaler rekninga for deg.
- Du slepp å hugse forfallsdatoar.
- Du unngår purringar.

Du må inngå ein avtale med banken din som gjeld for alle rekningar du ønskjer skal betalast med AvtaleGiro. Etter dette oppgjev du til banken kva for aktuelle betalingsmottakarar du ønskjer å betale til på denne måten.

e Faktura

Avtale Giro

Oppmoding til stell av friområde

Grøne friområde/fellesareal i bustadfelt stimulerer til aktivitet, trivsel og samhald i ei bygd. Uteområda kan vere samlingsplassar der både barn, ungdom og vaksne trivest på tvers av alder, kultur, meistringsnivå og interesser.

Korleis ser det ut i ditt nærrområde?

Vedlikehald og stell av fellesareal er noko som ofte ligg i ei velforeining si interesse, og er noko som vi alle kan bidra til å gjennomføre i større eller mindre grad. Fleire plassar har nabolag for mange år sidan gått saman om å kjøpe leikestativ, som no forfell og er farlege å ta i bruk.

Folkehelsekoordinator oppmodar til å ta ein dugnad før vinteren set inn, og blant anna sjekke om leikeapparat bør reparerast eller kastast.

Minner samtidig om at velforeiningar kan søke spelemidler til nærmiljøanlegg, til dømes nye leikeapparat, benkar etc. gjennom kommunen. Søknader på mindre anlegg (inntil 80 000 kr) kan sendast heile året, mens større anlegg (med kostnader på over 80 000 kr) må inn i kommunens handlingsplan for fysisk aktivitet, med ein søknadsfrist sett til 1. november kvart år. Ta gjerne kontakt med kultursjef Magne Fylling (magne.fylling@skodje.kommune.no) for meir informasjon.

Brannvern

I denne tida, med mykje bruk av levande lys, er det særskilt viktig å vise varsemd.

Brannverntips

1. Skift batteri i røykvarslaren før julekvelden.
2. Test røykvarslaren ein gong kvar månad.
3. Forlat aldri rom med brennande lys.
4. Forlat aldri smultgryta når den står på komfyren.
5. Sjekk brannvernutstyr, som brannsløkkingsapparat og slange.

Pipebrann

Dersom pipebrann oppstår, steng alle trekkopningar og kontakt brannvesenet.

Har du salt i huset, helst grovt, kast saltet over glørne i omnen for å dempe varmeutviklinga til brannvesenet kjem.

Melding om brann: Tlf. 110

Brøyting

Parkerte bilar på snuplassar, kommunale vegar og busslommer langs riksvegane er eit stort problem for brøytemannskapa.

Bilar som er parkerte slik kan verte taua vekk utan nærare varsel.

Frosttapping

Det er viktig at alle gjer tiltak for å unngå frosttapping. Leidningar som er utsette for frost må isolerast eller gravast ned på frostoffri djupne.

Manglar du ved?

Prestemarka bu- og dagtilbod har for sal 60 l. vedsekker à kr 50,-.

Ring 70 24 48 97 for bestilling.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 15. mars. Frist for innlevering til dette nummeret er 8. mars.

Overgang til elektroniske reseptar

Skodje legekantor tek i desse dagar i bruk e-resept. Det vil seie at du ikkje lenger treng å få resepten i handa, men legen sender den elektronisk til ein sentral database; "Reseptformidleren". På apoteket gir ein opp fødselsnummer eller namn og fødselsdato for å få medisinen utlevert. Ein kan bli spurt om å legitimere seg. Ein kan framleis få medisinen tilsendt, om ein treng det, slik som tidlegare.

Det har vore litt startvanskar, men vi ber om orsaking og forståing for det.

Å bruke e-resept vil kunne forenkle kvardagen for både pasientar, legar og apotek. E-resept vil redusere omfanget av feil i medisineringa og gi auka pasienttryggleik.

Auka pasienttryggleik er òg knytt til at legen, med pasienten sitt samtykke, får betre oversikt over pasienten sine reseptar og den faktiske medisinerbruk. Legen kan sjå kva andre legar har føreskrive.

Vennskap Skodje – Voi

Skodje si vennskapskommune er Voi i Kenya. Fleire års kontakt har skapt vennskap mellom Skodje og Voi. Vi har eit ønske om å realisere vennsapsprosjektet, der venner hjelper kvarandre ved å gi foreldrelause born i Voi skulegong.

Dei foreldrelause borna bur i heim med nære slektningar eller gode naboar. Dette skaper trygge rammer og, ikkje minst, er i tråd med dei kenyanske myndighetene sine ønsker.

Vårt bidrag vert å skaffe midlar til innkjøp av skuleuniform, sko, gymtstyr og ransel, som alle borna må ha for å få gå på skule i Kenya. I tillegg får skulen dei går på betalt for å gi eleven eit varmt måltid og naudsynt medisinsk hjelp.

Vi startar i det små og har som mål i starten å kunne hjelpe 100 born, og vona er at vi kan auke gradvis i løpet av 2013.

Kven samarbeider vi med?

North - South Partnership Aid i Norge: Dei har rekneskaps- og revisjonsoppgåvene for oss.

Set Your Roots Organization i Voi: Vi har skrive samhandlingsavtale med denne organisasjonen,

som vil stå for arbeidet der nede: Kartlegging, vurdering, tildeling og rapportering.

Korleis arbeider vi?

Det viktigaste er faste givarar som vil binde seg til å betale eit fast beløp pr. mnd. (kr 200,- pr. barn) eller valfritt beløp.

Gåver (som eingongsinnbetaling) er sjølvsagt også velkomne.

Eit beløp til dette arbeidet kan kanskje vere eit julegåvetips til den som har alt?

Pengane vi samlar inn vert overført til vår samarbeidande organisasjon i Voi som sørger for innkjøp, utdeling av utstyr og betaling til skulen for måltid og medisinsk hjelp.

Vil du vite meir om oss, finn du oss under *Organisasjonar* på nettsida www.gomerhuset.no

Eller kontakt oss:
Monica B. Relling, tlf. 40 47 25 59
Anne Vibeke Nettet, tlf. 41 41 78 54
Kari Grindvik, tlf. 99 70 58 56



Dette skjer

Juletefest

på Fagerheim

laurdag 29. desember kl. 15 - 17

God, gamaldags juletefest for heile familien, med gang rundt juletreet og program.

Litt å bite i får vi - og kanskje kjem Nissen...

Arr.: Skodje Frilynde U.L.

Jenter

født 2004/2005

På Stette ønsker vi oss fleire fotballjenter. Er dette av interesse, ta kontakt med Linda Kristin Stavset, på e-post: LKSFAGER@TUSSA.COM

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørndal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no